



**Arkiv:** FA - H12  
**Saksmappe:** 17/1030  
**JournalpostID:** 17/2749  
**Sakshandsamar:** Dvergsdal, Kjell  
Idar  
**Dato:** 03.04.2017

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
011/17	Rådet for eldre og funksjonshemma	07.04.2017
013/17	Helse- og sosialutvalet	18.04.2017

### **Lovendring om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Høyringsutkast til Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heiledøgns teneste - kriterier og ventelister, gjeldande for Gaular kommune, vert godkjend slik den ligg føre.

#### **07.04.2017 Rådet for eldre og funksjonshemma**

##### **Handsaming:**

Helse- og sosialsjef Kjell Idar Dvergsdal orienterte om saka og svara på spørsmål.

##### **REF-011/17 Vedtak:**

Høyringsutkast til Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heiledøgns teneste - kriterier og ventelister, gjeldande for Gaular kommune, vert godkjend slik den ligg føre.

Samrøystes godkjend.

#### **18.04.2017 Helse- og sosialutvalet**

##### **Handsaming:**

Helse- og sosialsjef Kjell Idar Dvergsdal orienterte om saka og svara på spørsmål.

### **HSU-013/17 Vedtak:**

Høyringsutkast til Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heiledøgns teneste - kriterier og ventelister, gjeldande for Gaular kommune, vert godkjend slik den ligg føre.

Samrøystes godkjend.

### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunnen for saka:**

Bakgrunnen for forskrifta er lovendring i Pasient- og brukerrettighetsloven og Helse- og Omsorgstjenestelova om rett til opphald i sjukeheim m.m. som trer i kraft 1. januar 2017. Lovendringa er vedteken for å betre rettsstillinga til pasientar og brukarar når det gjeld retten til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester. Lovendringa gjer det klart at pasient eller brukar har rett til slikt opphald dersom det etter ein helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten og brukaren naudsynt og forsvarlige helse- og omsorgstenester.

Kommunen er etter lovendringa forplikta til å fastsetje i forskrift kriteria for tildeling av

langtidsopphald i sjukeheim. Hensikta med slike kriteria er å bidra til betre forutsigbarheit og meir openheit rundt tildelingsprosessen. Forskrifta skal regulere at søkjarar til langtidsopphald i sjukeheim har rett til å få eit vedtak om å stå på kommunen si venteliste. Dette gjeld dei pasientar og brukarar som tilfredsstillar kommunen sine kriteria for langtidsopphald, men som med forsvarlig hjelp kan vente på ein langtidsplass. Kommunen si forskrift skal også innehalde føringar for korleis kommunen sikrar forsvarleg oppfølging av dei som står på venteliste.

Kommunen har ansvaret for å sørge for kommunale helse- og omsorgstenester. Dei må etter lovendringa være tydelige overfor eigne innbyggjarar på kva tenester som pasientar og brukarar kan forvente i eigen kommune. Retten til vedtak skal gi trygghet for at vedkommande sine behov er sett og at eit tilbod om sjukeheimplass er der nå behovet oppstår.

Framlegget er utarbeid av ei arbeidsgruppe oppretta av kommunalsjefnettverket i SIS for helse og omsorg 20.09.2016. Arbeidsgruppa utgjer følgjande representantar: Wenche Farsund, Jølster kommune, Anita Eide Kvamme, Gaular kommune, Gry Aase Alnes, Førde kommune, Elisabeth Normann Leversund, Flora kommune og Oddvar Holsen, Naustdal kommune.

Arbeidsgruppa har fått juridisk bistand ved kommuneadvokatane, Sissel Leni Sundal Nærø og Elin Holvik, Flora kommune.

Arbeidsgruppa vedtok i møtet 08.03.2017 å sende framlegg til felles forskrift på høyring til instansar/organisasjonar utanfor den einsskilde kommune. Den einsskilde

kommune sender framlegget på høyring i eigen organisasjon og til lokale lag og organisasjonar. Kvar kommune tilrettelegg for eiga politisk handsaming. Etter høyringa skal arbeidsgruppa fremme eit endelig forslag til forskrift som skal vedtakast av Gaular kommunestyre/bystyre .  
Den nye forskrifta skal ha verknad frå 1. juli 2017.

Seinare vart det bestemt at kvar kommune også sender forskrifta til høyring til eksterne høyringsinstansar som er vedteke.

## **Meknader og kommentar til forskrifta sine einskilde bestemmelsar:**

### **Til § 1 Formål**

*Formålet er angitt i forarbeidet til lovendringa.*

### **Til § 2 Virkeområde**

*Forskrifta gjelder pasientar og brukarar som har krav på helse- og omsorgstenester i xxxxx kommune.*

### **Til § 3 Definisjonar**

*Her er langtidsopphold i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester og ventelister definert.*

*Langtidsopphald er fortrinnsvis eit opphald for eldre over 67 år , og det vil vere forbeholdt pasientar og brukarar som mest sannsynlig vil ha behovet livet ut. Det vert presisert at ventelista ikkje er eit køsystem, dette går også fram av forarbeidet til lovendringa.*

### **Til § 4 Generelt om tildeling langtidsopphold i sjukeheim/bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester**

*Denne forskrifta gir nærmare presisering om omsorgsnivå, kven tilbodet er tiltenkt og brukarmedverknad. I tillegg vert det gitt føringar for saksførebuing før vedtak vert fatta. Det er stilt krav om god utgreiing og vurdering av andre tiltak som er på et lågare omsorgsnivå enn sjukeheim.*

### **Til § 5 Kriterier for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim/bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.**

*I denne forskrifta er det informert om kva kriteria kommunen vil legge vekt på ved ei heilheitsvurdering av om pasient eller brukar skal få vedtak om at vedkommande får tildelt langtidsopphold. Denne forskrifta gjev og føringar for når pasient eller brukar likevel ikkje får langtidsopphold, sjølv om pasienten eller brukaren oppfyller kriteria.*

### **Til § 6 Rett til vedtak**

*Pasient og brukar har krav på eit vedtak om at vedkommande oppfyller kommunen sine kriteria for langtidsopphold. Vedtaket vil då bli gitt som eit avslag på søknaden om langtidsopphald med grunngjeving for kvifor det er forsvarlig at vedkommande kan bli ivareteken i eigen heim. I tillegg vil vedtaket opplyse om at vedkommande vil stå på kommunen si venteliste for pasientar og brukarar som er kvalifisert for langtidsopphold.*

### **Til § 7 Ventelister langtidsopphold i sjukeheim/bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.**

*Her blir det gjeve nærare føringar for på kva måte kommunen skal handtere ventelista over kvalifiserte pasientar og brukarar. I forarbeidet til lovendringa er det presisert at ventelista ikkje er ei køordning, og forskrifta tydeliggjer dette. Det vil være den som til ei kvar tid har det største behovet som skal tildelast langtidsopphold når det blir ledig plass.*

*Vurderinga av den enkelte skal være basert på individuelle behov. Forskrifta har ikkje noko maksimumstid for å stå på venteliste. Det er likevel mest sannsynlig at personar som kvalifiserer for langtidsopphold, får tildelt plass sjølv om det er vanskelig for kommunen å forutsei når dette vil skje.*

### **Til § 8 Oppfølging av ventelister langtidsopphold**

*Bestemmelsen fastslår at kommunen skal sikre at pasientar og brukarar har naudsynte og forsvarlege tenester medan dei venter på langtidsopphold. Det er også stilt krav til kommunen si systematiske oppfølging av ventelistepasientar og brukarar.*

### **Til § 9 Klageadgang**

*Det er orientert om klageadgangen i eigen merknad i vedtaket. Fylkesmannen er endeleg klageinstans.*

### **Til § 10 Ikrafttredelse**

*Lovendringa krev at den kommunale forskrifta skal tre i kraft seinast 1. juli 2017.*

## **Framlegg til forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heiledøgns teneste - kriterier og ventelister, gjeldande for Gaular kommune – i første omgang høyringsutkast:**

### **§ 1. Formål**

Formålet med forskrifta er å få oversikt over behovet for langtidsopphold og bidra til føreseieleg og open tildelingsprosess rundt kriteria og tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester i Gaular kommune.

### **§ 2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld pasient eller brukar som har rett etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1e. til langtidsopphold i sjukeheim/bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester i Gaular kommune.

Forskrifta gjeld Gaular kommune sitt ansvar for å tilby langtidsopphold etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 a, kriteria for tildeling av opphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester og oppfølging av pasientar og brukarar på venteliste for langtidsopphold.

### **§ 3. Definisjoner**

Langtidsopphold sjukeheim/ bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.

Opphald utan sluttdato / ikkje tidavgrensa opphald der pasienten eller brukaren sin helsetilstand og trong for helse- og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynlig at vedkommande vil flytte heim eller få tilbod om lågare grad av helse- og omsorgstenester.

*Venteliste langtidsopphold sjukeheim/ bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.*

Kommunen si oversikt over dei pasientar og brukarar som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgsteneste, men som med forsvarlig hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphold. Ventelistene er ikkje eit køsystem, og plass på ventelista gir ikkje fortrinnsrett til ledig plass på sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns teneste, jf. forskrifta § 7.

#### **§ 4. Generelt om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim/tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.**

Langtidsopphald er eit høgare omsorgsnivå enn helse- og omsorgstenester i heimen.

Langtidsopphald skal fortrinnsvis vere eit tilbod til personer over 67 år. Kommunen skal samhandle med pasient og brukar, deira pårørande og verje i tildelingsprosessen.

Følgjande forhold må vere utgreidd om pasient og brukar før ein søknad om langtidsopphald kan vurderast:

- Pleie- og omsorgsbehovet
- Søkjar sitt eige ynskje om langtidsopphold
- Svikt i eigenomsorg på grunn av demens
- Andre relevante tiltak t.d.
  - Tilrettelegging i heimen, t.d. hjelpemiddel
  - Kvardagsmeistring
  - Tryggleiksskapande tiltak, tryggleiksalarm og velferdsteknologi
  - Dagtilbod eller andre sosiale støttetiltak
  - Auka omfang heimetenester
  - Omsorgsbustad
  - Tidsavgrensa opphald i institusjon, korttids- eller rulleringsopphald
- Familieforhold og nettverk
- Oppdatert pasient- og brukarinformasjon frå kommunen si helse- og omsorgsteneste som yter tenester til søkjar.
- Oppdaterte helseopplysningar frå fastlege og spesialisthelseteneste.

#### **§ 5. Kriteria for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim/tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester**

Pasient eller brukar må vere varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv og ikkje lenger meiste dagleglivet sine gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.

Pasient eller brukar må ha eit omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester, og ikkje få dekkja sitt daglege behov for helsetenester, pleie og omsorg på eit forsvarlig nivå i eigen heim.

Under kriteria omfattande behov, inngår ein heilskapsvurdering av funksjonsnivået og

eigenomsorga til pasient og brukar, t.d. i forhold til;

- Samansett sjukdomsbilde
- Kognitiv svikt og langtkomen demens
- Ernæring
- Legemiddelhandtering
- Fallrisiko
- Hyppig innlegging i spesialisthelsetenesta
- Psykisk helse
- Einsemd og sosial isolasjon
- Personleg hygiene
- Toalettbesøk
- Forflytning

## **§ 6. Rett til vedtak**

Kommunen kan fatte vedtak om avslag på søknad om langtidsopphold når det er forsvarlig at pasient eller brukar med omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester bur heime i påvente av langtidsopphald.

Vedtaket skal opplyse om vedkommande er kvalifisert for langtidsopphold og kjem på kommunen si venteliste, jf. forskrifta §7.

## **§ 7. Ventelister langtidsopphold i sjukeheim/tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester**

Pasientar og brukarar som har fått vedtak om at dei er kvalifisert for langtidsopphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester men som med forsvarlig hjelp kan bu heime i påvente av plass skal førast på kommunen si venteliste.

Ved kvar tildeling skal kommunen vurdere det individuelle behovet til nye søkjarar og alle som står på kommunen si venteliste.

Kommunen si venteliste gir ingen fortrinnsrett til plass på sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.

Seinare plasserte pasientar og brukarar vil kunne få plass først dersom deira behov vert vurdert som større.

## **§ 8. Oppfølging av ventelister for langtidsopphold i sjukeheim/tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester**

Pasientar og brukarar som står på kommunen si venteliste skal kontinuerlig vurderast ut frå behovet for å tildele plass ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.

Kommunen sine rutinar skal sørge for at pasientar og brukarar på venteliste har naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei ventar på tildeling av plass i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns

omsorgstenester.

Kommunen skal ha ei systematisk og fortløpande evaluering og vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til pasientar og brukarar på venteliste for å fange opp eventuelle endringar i bistandsbehov.

## **§9 Klageadgang**

Pasientar og brukarar har rett til å klage over vedtak om avslag på plass i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester og på venteliste for langtidsopphold, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-7 andre ledd og § 7-2.

Nærare orientering om klageadgang går fram av vedtaket.

## **§ 10. Ikrafttredelse**

Forskriften trer i kraft 1. juli 2017.

### **Vidare sakshandsaming:**

Dette framlegget til forskrift er å sjå på som høyringsutkast. I Gaular kommune vert det i denne omgang handsaming i Rådet for eldre og funksjonshemma og helse- og sosialutvalet. Etter handsaminga i helse- og sosialutvalet og vedtak der vert forskrifta sendt ut på høyring med evt. merknader som er kome fram under handsaminga i Rådet og helse- og sosialutvalet.

### **Høyringsinstansar:**

#### Internt i kommunen:

Rådet for eldre og funksjonshemma

Helse- og sosialutvalet

Gaular Pensjonistlag

Viksdalen Pensjonistlag

#### Eksternt:

Fylkesmannen

Pasient og brukarombodet

Helse Førde

Råd for mennekse med nedsett funksjonshemma i Sogn og Fjordane

Eldrerådet i Sogn og Fjordane

Evt. Kreftforeninga i Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Org./Fagforbund i Sogn og Fjordane:

NSF

Fagforbundet

Delta

FO

**Slutthandsaming:**

Når vi har fått inn alle høyrings svar vert det utarbeidd endeleg framlegg til forskrift. Forskrifta vert deretter slutthandsama i Gaular kommune slik:

Rådet for eldre og funksjonshemma, helse- og sosialutvalet og kommunestyret.

Når den er vedteken vert den lagt ut i Norsk lysingsblad. Forskrifta vert iverksett 1. juli 2017.

Atle Fasteland  
rådmann